

MJELDALEN FORENING FOR KULTURMILJØ OG
HISTORIE
c/o Kjerstin Kragseth Mjelddalen 88
5286 HAUS

Att.Kjerstin Kragseth

Dato	23.08.2023
Vår referanse	2023/70496-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Caroline Nordøy Håvik
E-post	Caroline.Nordoy.Havik@vlfk.no
Telefon	

Svar - Fylling / anleggsområde i LNF område i Mjelddalen - Osterøy -Fv.5416

Vi viser til e-post datert 06.08.2023 som gjeld mogeleg forureining frå fyllmassar på eigedomane gnr. 52 bnr. 3 og gnr. 52 bnr. 41 i Osterøy kommune. Vi har fått spørsmålet til vår avdeling for infrastruktur og veg, og svarar her som vegmynde og ikkje kulturminnemynde. Ta gjerne kontakt igjen med dei om de ønskjer ei kulturminnefagleg vurdering.

Saka gjeld

Vi ser at Osterøy Entreprenør i 2011 fekk løyve på vilkår til å fylle reine massar på eigedom gnr. 52 bnr. 3 og Statens vegvesens eigedom gnr. 52 bnr. 41. Etter 2020 er Statens vegvesen sin eigedom overført til Vestland fylkeskommune. De opplyser i e-posten at plassen framleis er eit anleggsområde, og at fyllmassane ikkje er reine massar, og at massane forureinar Mjelddelva og Mjeldevatnet.

Vidare saksgang

Vi forstår det som at fyllinga primært ligg på den private eigedomen gnr. 52 bnr. 3, og at den også ligg på vår eigedom langs fylkesvegen. Sjølve avkøyringspunktet til anleggsområdet ligg på vår eigedom. Vestland fylkeskommune si rolle som vegeigar er avgrensa til å eige langs veggen og å gi avkøyrslavedtak. Ettersom saka gjeld mogeleg forureining frå massane, og det er Osterøy kommune som er forureiningsmynde, så ber vi om at de sender saka til kommunen for eventuell oppfølging. Dei kan stille dei nødvendige krav til dei som fekk løyve til å fylle ut på eigedomen, og eventuelt til den private grunneigaren og til fylkeskommunen som grunneigar dersom det blir nødvendig.

Med helsing

Kari Elster Moen
fagkoordinator
INV - Forvaltning Bergensområdet

Caroline Nordøy Håvik
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Fylling / anleggsområde i LNF område i Mjelddalen - Osterøy

Kopi til:

OSTERØY KOMMUNE

Postboks 1

5293

LONEVÅG